

Framlegg frå styret til årsmøtet 2018

1. Styret meiner at det er eit problem at båtane i hamna ikkje er plassert i samsvar med storleiken av plassen.
2. Styret meiner det er eit prinsipielt problem at framleige av plassar skjer på privat basis. I utgangspunktet er medlemmane **andelseigarar i laget**, ikkje **eigarar av båtplassar**.
3. Styret meiner at utleige av plassar bør skje i samsvar med formålsparagrafen i vedtektene og til prisar regulert av vedtektene. Ein andel skal ikkje gje økonomisk avkastning for andelseigar.
4. Styret foreslår difor at disponering av båtplassane i hamna, inkludert framleige, må organiserast av styret. Vedtektene har bestemmelser om dette i paragrafane 9, 10 og 11.
5. Styret gjer framlegg om at eksisterande paragrafar 9 og 10 vert erstatta med nedanståande, og at paragraf 11 går ut.
6. Paragrafane 12 og 13 vil då endre nummer til 11 og 12.

Eksisterande vedtekter kan lesast på nettsida: <http://holmavika.org/vedtekter.html>

Det vart gjort rettingar i årsmøtet før røysting. I framlegget nedanfor er desse rettingane teke med.

§9 Båtplassane

1. I kvar båtplass skal det ligge kun ein båt.
2. Andelseigar skal bere drifts- og vedlikehaldskostnader for utriggarane og syte for at dei er i forskriftsmessig stand.
3. Båteigar er ansvarleg for at båten er forsikra. Styret kan krevje å få lagt fram forsikringsbevis.
4. Ved behov kan breidden av båtplass justerast dersom det kan skje i semje med eigar av naboplass.
5. Ingen båt i hamna skal ha storleik over 10 tonn eller 12 meter. Innført i vedtektene februar 2017 og gjeld frå då, men skal ikkje ha tilbakeverkande kraft.
6. Plassar som ikkje har vore i bruk av eigar dei to siste åra, eller ikkje har vore leigd ut desse åra, kan overtakast av laget.
7. Båtplass kan berre arvast i direkte line opp eller nedover i arverekkefølgjen.
8. Ein medlem kan ikkje eige meir enn to båtplassar i hamna. Kvar plass utløyser fulle medlemsrettar og -pliktar.

§10 Fordeling av båtplassar

1. **Styret skal fordele båtplassar**
All fordeling av båtplassar, ved arv, sal, kjøp og utleige, skal skje gjennom styret i Holmavika Hamnelag SA.
2. **Lister**
Styret skal føre tre ventelister:
 - a. **Bytteliste**
Her kan dei medlemmene som ynskjer å bytte til ein annan plass i hamna teikne seg.

- b. **Kjøpsliste**
Her kan dei som ynskjer å kjøpe båt plass og bli medlem i hamnelaget teikne seg.
 - c. **Leigeliste**
Her kan dei som ynskjer å leige plass i hamna, utan å bli medlem, teikne seg.
 - d. **Kjøpslista og leigelista** skal vere delt i tre deler, der alle på del *ein* av ei liste har førerrett framom dei på del *to* og *tre*, medan alle på del *to* har førerrett framom dei på del *tre*.
 - i. Del ein er for dei som har bustadsadresse frå og med Skårbø, til og med Eide.
 - ii. Del to for dei som har bustadsadresse annan stad innafor grensa til Selje kommune.
 - iii. Del tre for dei som har bustadsadresse utanfor Selje kommune.
 - e. **For alle listene gjeld:**
 - i. Kun skriftlege søknadar (epost eller brev) vert behandla.
 - ii. Det er høve til å teikne seg på leigelista sjølv om ein også står på ein annan liste.
 - iii. Det er høve til å avslå eit tilbod om plass berre dersom ein kan vise at plassen ikkje er brukande til båten ein vil ha der. I motsatt fall vil eit avslag føre til at ein vert strøken av lista, eller flytt nederst. Styret avgjer saka i kvart einskild tilfelle.
3. **Sal**
Medlem som ynskjer å selje plassen sin, skal gje skriftleg meldig til styret (epost eller brev). Styret skal sette i gang salsprosessen så snart som råd.
4. **Fordeling av plass til sal**
Ledige plassar blir først tilbode alle medlemmene på byttelista og tildelt den blant dei som melder seg som har lengst ansiennitet på lista. Dersom ein ny plass blir ledig ved bytte blir denne tilbode dei resterande medlemmane på byttelista og tildelt etter ansiennitet, heilt til ingen på byttelista ynskjer å bytte til gjenverande plass.
- Gjenverande plass vert deretter tilbode dei som har teikna seg på kjøpslista, og tildelt etter ansiennitet i samsvar med §10, 2d.
5. **Utleige**
Medlem som ynskjer å leige ut plassen sin skal gje skriftleg meldig (epost eller brev) til styret.
6. **Fordeling av utleigeplassar**
Utleigeplassar vert tilbode dei som står på leigelista og tildelt etter ansiennitet på lista i samsvar med §10, 2d.
7. **Prisar og betaling**
 - a. **Prisar ved sal/kjøp av båt plass**
Kjøpar skal betale andelsinnskot i samsvar med vedtektenes paragraf 3, pluss eit kjøpsgebyr på 5 % av andelsinnskotet, til hamnelaget sin bankkonto. Betalingsfrist 14 dagar. Innan fem virkedager etter innbetaling frå kjøpar,

skal andelsinnskotet utbetalast til seljar. Hamnelaget skal behalde kjøpsgebyret.

b. **Prisar ved utleige av båtplass**

Årsprisen for utleige er 10 % av andelsinnskotet for plassen. Månadsprisen er 1/12 av dette. Leiga skal betalast forskottsvis til hamnelaget. Hamnelaget beheld 10 % av leigeinntekta. Resten vert utbetalt til utleigar innan utgangen av desember kvart år.

c. **Rettar og pliktar ved utleige**

- i. Leigetakar tek over medlemmet sin hamnenøkkel i leigeperioden og retten til å nytte slippen til medlemspris. Leigetakar er ansvarleg for vedlikehald av utriggar og eventuelt straumforbruk.
- ii. Medlemmet er ansvarleg for dugnadsplikt til hamnelaget og betaling av årleg medlemsavgift.